

**Fra:** Kristen Skrivarvik <kristen.skrivarvik@sfe.no>  
**Sendt:** 6. juli 2015 13:00  
**Til:** NVE  
**Kopi:** Hansen Erlend Støle  
**Emne:** Høyringsfråsegn til søknadar om fem småkraftverk i Luster kommune

SFE Nett AS ynskjer som utgreiingsansvarleg for kraftsystemet i Sogn og Fjordane å gje ei kort høyringsfråsegn til dei 5 småkraftverka i Luster kommune (Kinsedal-, Kveken-, Mordøla-, Åselvi- og Rydøla kraftverk) som er send ut på felles høyring. Beklagar seint svar.

SFE Nett har ingen merknad til sjølve kraftverka, men vil kommentere den regionale nettsituasjonen. For fråsegn om nettkapasitet viser vi til dei aktuelle netteigarane Luster Energiverk samt Hydro, Sognekraft og Statnett.

- Kinsedal og Kveken kraftverk vil etter det SFE Nett kjenner til mate mot Årøy. Herifrå kan krafta overførast, enten mot dagens sentralnettpunkt i Leirdøla, eller mot nye Sogndal trafostasjon.
- Mordøla og Åselvi vil mate mot Fortun.
- Rydøla vil mate mot Leirdøla.

Ein felles flaskehals for sentralnettpunkta Leirdøla og Fortun vil være forbindelsen inn mot nye Sogndal trafostasjon. Statnett vurderte i 2013 ledig kapasitet her til 100MW ny produksjon. Det er søkt konsesjon meir enn dette. Statnett har nyleg innført ei eiga ordning for tildeling av ledig nettkapasitet. Denne ordninga vil gjelde for dette området.

I Fortun kan i tillegg 132/22kV trafo bli flaskehals.

I Leirdøla kan i tillegg utviding av 66/300kV trafokapasitet bli nødvendig. 66/22kV trafokapasitet er tilstrekkeleg.

For innmating mot Årøy vil 10MVA 66/22kV trafo i Årøy danne flaskehals. Frå Årøy mot Sogndal eller Leirdøla kan Sognekraft sitt regionalnett bli begrensande om det og kjem større innmating frå planlagd ny 66kV leidning til Ugulsvik og Veitastrand.

Vennleg helsing

**Kristen Skrivarvik**

Nettplanleggar  
SFE Nett AS

Direkte: 57 74 61 66

Mobil: 489 99 320

E-post: [kristen.skrivarvik@sfe.no](mailto:kristen.skrivarvik@sfe.no)

